



Mesta har no utbetra fylkesveg 54 ved Blåhaug 150 meter ovanfor Hauglandkrysset, Dei har laga ein ny og solid mur på utsida av vegen og montert autovern på denne. Også nye stikkrenner er montert. Oppsittarane er fornøgde med det som har skjedd, men uskedalen.no kan registrera delte meiningar om prosjektet.

Ein oppsittar ordlegg seg slik:

- Det er positivt at dei har utbetra dette ømme punktet på vegnettet vårt. Men når dei tilslutt gjorde det, burde dei ha gjort det skikkeleg. Vedkommande meiner at den nye vegen burde vore breiare og at autovernet skulle ha vore montert lenger ute.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen